

Møtereferat

Årsmøte i Syltøy Grendalag 13.02.2018

Referent: Svein Syltøy

Saksliste:

1. Innkalling
 - Innkallinga vart godkjent utan merknader
2. Valg av møteleiar og referent
 - Møteleiar: Kåre Lillebø
 - Referent: Svein Syltøy
3. Valg av representantar til å godkjenna referatet
 - Egil Storesund og Arne Syltøy
4. Gjennomgang av årsmelding for 2017
 - Aktivitetane i 2017 vart ein del redusert av brannen
 - Bygget vart teke i bruk frå høsten av og det er ein del aktivitet som er i gang att, men ikkje like mykje som før brannen
 - Medlemmane vart oppfordra til å delta både på trim og generelt å ta huset meir i bruk
5. Gjennomgang av rekneskap for 2017
 - Ein del diskusjon og meningsytring.
 - Resultatet frå basaren i desember gav det beste resultatet nokon sinne.
 - Det vart ein del diskusjon om diverse postar og økonomien generelt men alt i alt gav 2017 eit godt resultat (mindre utgifter enn inntekter).
 - Rekneskapet vart godkjent utan innvendingar
6. Gjennomgang av budsjett for 2018
 - Det ligg ein del store investeringar og utgifter foreslått og estimert i budsjettet. Ein del er allerede forplikta (kjøp av uteareal, forsikring av huset, strøm mm), andre går meir på investeringar slikt som diverse oppgraderingar av huset, litt ny kjøkkeninnredning (blant anna benkeplate), flatskjerm m.m.
 - Det vart ein del diskusjon om utgifter og inntekter. Enkelte medlemmar er bekymra for dei relativt høge utgiftene (straum utgifter mm.)
 - Årsmøtet godkjente budsjettforslaget med fylgjande kommentarar:
 - i. Budsjettet vert å sjå på som eit rammeforslag
 - ii. Styret vert oppmoda til å lage ei prioriteringslista, truleg er ikkje alle investeringar naudsynte det fyrste året
 - iii. Generelt: Streng kontroll med utgiftene er påkrevd sidan 2018 vert det fyrste året grendalaget eig huset og må bera alle utgiftene sjølve.
7. Forslag til vedtekts endring
 - Alle foreslåtte vedtektendringar vart vedteke unntatt § 3.
 - Godkjend: § 2a (Medlemskap), § 5 (Medlemsmøte) og §6 (Årsmøte)
 - Ikkje godkjent: § 3 som gjekk på at årsmøtet skulle fastsetja kontigenten for neste år (dvs. 2018 årsmøtet skulle fastsetja kontigenten for 2019).

8. Medlemskontigent 2018 og 2019

- Årsmøte vedtok å behalda kontigenten uendra for 2018. Kontigenten for 2019 vart ikkje fastsett, jamfør vedtak i pkt. 7 over, ref. §3 ikkje vedteke.

9. Inkomne saker

- Auke av utleige takstar
 - i. Det var semje om at styret får mandat til å foreslå nye takster
 - a) Vi er truleg for billege slik takstane er i dag
 - b) Sjekka mot andre tilsvarande bygg & utleigeprisar
 - c) Det må «svi» litt meir dersom ein låntakar ikkje rydda og vaska etter eit arrangement (vi kan ikkje tillata oss å driva «veldedighet»)
 - ii. Når desse er klare skal forslaget leggjast fram for medlemmane, fortrinnsvis i form av eit medlems møte.
- Reduksjon av driftsutgifter
 - i. Styret vart oppmoda om å kjøra ein streng kontroll med utgiftssida gjennom året. Dette fordi vi ikkje har erfaring med kor mykje det kostar å driva bygget.
 - ii. Like viktig som utgiftssida er det naudsynt å auka inntektene for at vi skal klara dei økonomiske forpliktelsane.
Stikkord i denne samanheng:
 - a) Markedsføring (Vest Nytt, heimeside m. fl.)
 - b) Bingo (vi eig no bygget og kan dermed søkja lotteritilsynet om tillatelse)
 - c) Vurdera fleire felles arrangement som kan gje inntekt (f. eks.17. Mai etter at diverse skulearrangement er avslutta)
 - d) Passe på at søknader om offentlige tilskot/midlar vert sende i tide
 - e) Søkja bedrifter om støtte (Marine Harvest, Coasteering m.fl.)
- Utarbeida nye og supplerande reglar for drifta av bygget
 - i. Styret får mandat til å utforme nye reglar og retningslinjer, kan til dømes leggjast fram for medlemmane i samme møte som nye utleigetakstar vert presentert.

10. Informasjon

- Kjøpsavtale for tilleggsareal ute er signert.
 - i. Oppmåling er utført, alt skal leggjast inn under ett bruks nr.
- Vi eig no bygget og alle driftsutgifter ligg på grendalaget
 - i. Dette betyr og ansvar for leike apparata, som truleg må flyttast innafor vårt område (avhengig av kven som overtek resterande uteområde)
 - ii. Ein forventar at resterande areal kjem for salg så snart grendalaget sin del er formelt i orden.
- Det er framleis eit uavklart punkt mht. forsikring etter brannen. Det var avtalt at grendalaget skulle få kompensasjon for kledning, inkludert der som brannvesenet tok seg gjennom veggen. Dette vart gløymd av forsikringsselskapet/kommunen og saka er ikkje avslutta.
 - i. Det er også eit sår i parketten som skulle utbedras/kompenserast

11. Val til nytt styre

- Styremedlemmer på val: Kåre Lillebø og Beate Hansen

- Varamedlem på val: Heidi Syltøy
- Revisor på val: Jostein Jakobsen
- Valnemd på val: Jarle Syltøy og Svein Syltøy

Valnemda si innstilling til nytt styre:

- Styremedlemmer: Michelle Storesund (ny) og Odd Vidar Storesund (ny)
- Varamedlemer: Heidi Syltøy (gjenvalg) og Odd Kåre Syltøy (ny)
- Revisor: Jostein Jakobsen (gjenvalg)
- Valnemd: Jarle Syltøy og Svein Syltøy (kan ta gjenvalg om årsmøte ynskjer det)

Beslutning årsmøte: Valnemda si innstilling vart godkjent utan merknader

Årsmøte vil nytta høve til å takka avtroppande styremedlemmar for innsatsen og ynskja nye velkomne.

Godkjenning av referat:

23/2-18 Egil Storesund

Dato/underskrift: Egil Storesund

Arne Syltøy

Dato/underskrift: Arne Syltøy